

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
118/21	Utval for næringutvikling og drift	10.11.2021

### **Søknad til Næringsfondet 2021. Klar bedrift AS. Reiselivskonferansen 2021**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Reiselivskonferansen 2021* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### **Utval for næringutvikling og drift 10.11.2021:**

#### **Handsaming:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **ND- 118/21 Vedtak:**

Prosjektet *Reiselivskonferansen 2021* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

#### **Bakgrunn**

Føretaket er eit aksjeselskap. Registrert 03.09.2013. 70.220 Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgiving.

#### **Saksopplysningar:**

Klar Bedrift er eit bedriftsrådgivningsselskap for det nasjonale Næringshageprogrammet til Siva og fylkeskommunen. Eit viktig satsingsområde er det store potensialet i vekst og utvikling i grøne og blåe næringar. Verksemda har meir enn 60 bedrifter tilknytt næringshageprogrammet innan reiseliv, industri, landbruk og marine næringar.

#### **Om prosjektet**

Reiselivskonferanse for aktørar og andre interesserte i Vestland med over 90 påmelde. Konferansen vart arrangert i samarbeid med Visit Bergen og Regionrådet 28. oktober -21. Tema: Kvifor vert samarbeid mellom verksemdar i bygd og by viktigare enn før når reiselivet skal gjenreisast etter koronakrisa? Korleis forventar regionale mynde at reiselivet bidreg til å skape gode lokalsamfunn? Kva kan regionen lære av gode samarbeid andre stader i landet, og korleis påverkar den nye, nasjonale reiselivsstrategien aktørar i Vestland?

Mellom foredragshaldarane var representant frå Innovasjon Norge, fylkesvaraordførar i Vestland, ordførar i Alver og ei rekke reiselivsaktørar frå ulike regionar.

#### **Prosjektleveranse/Målsetting**

Målsettinga er å auka merksemd, kunnskap, aktivitet og sysselsetting i reiselivsnæringa i regionen, særleg i etterkant av pandemien.

#### **Prosjektøkonomi.**

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
<b>Reiselivskonferansen 2021</b>	100 000	50 000	20 000

--	--	--	--

### Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, indirekte arbeidsplassutvikling i Alver kommune, nyskaping, kompetanseutvikling og samarbeid.

### **Vedlegg i saken:**

03.11.2021	Klar bedrift, søknadsskjema reiselivskonferansen	1635121
03.11.2021	Klar bedrift, reiselivskonferansen vedlegg	1635122